

Opplæring i samfunnskunnskap

Deltema 2



Statsforvaltaren i Vestland



10.03.2026



Integreringslova § 33

- Målgruppe: Alle som har rett til opplæring i samfunnskunnskap
- Omfang: 75 timar
- Gjennomføring: På eit språk deltakaren forstår
- Frist: Eitt år frå deltakaren får tilbod om oppstart
 - Tillegg av godkjent permisjon



Avgrensing av tema

Tilsynet omhandlar ikkje:

- Gjennomføringa av opplæringa
- Reglane om prøve i samfunnskunnskap
- Reglane om permisjon og fritak
- Deltakarar som får opplæringa i regi av fylkeskommunen



Opplæring på eit språk deltakaren forstår

Ofte morsmålet eller eit språk dei har lært før dei kjem til Noreg

- Munnleg, men ikkje skriftleg

Gjennomførast på ein måte som reelt sett set deltakaren i stand til å delta i opplæringa

Kravet sjåast i samanheng med rettleiingsplikta i forvaltningslova § 11, og plikta til å opplyse saka etter forvaltningslova § 17

- Opplyse deltakaren om retten til opplæring på eit forståeleg språk



Utfordringar med språkkravet

- Avgrensa tilgang til tospråklege lærarar og kvalifiserte tolkar
- Høg variasjon i språk i same gruppe
- Økonomiske og administrative konsekvensar
- Kvaliteten på opplæring via tolk
- Manglande læremiddel på alle språk
- Stor variasjon i deltakaren sin skulebakgrunn



Gjennomføring av opplæring innan eitt år

Frå datoen deltakaren har fått tilbod om oppstart av opplæringa

- Datoen skal oppgjevast i vedtaket om opplæring

Den første tilbodne oppstartsdatoen er avgjerande

Periodar med godkjend permisjon utvidar fristen

Reell moglegheit til å få gjennomført opplæringa innan fristen



Konsekvensen av at fristen ikkje vert halden

Følgjeevaluering frå Oxford Research

- Ikkje uvanleg at kommunen ikkje oppfyller fristen

Språkutfordringane fører til utsetjing av opplæringa

- Opplæringa gis på norsk

Opplæringa kjem seinare i kvalifiseringsløpet enn ønska



Krava til integreringsplanen

Vi fører tilsyn med krava til integreringsplanen under alle deltemaa

- Krava til innhaldet i planen
- At utarbeidinga av planen skal skje samtidig med vedtaket
- At planen må vere vedtatt innan tre månadar

Deltema 2 – Samfunnskunnskap

- Også krava knytt til norskplanen



Tidspunktet for vedtaking av planen

Integreringslova § 15 første ledd

- Planen skal utarbeidast samtidig med vedtak om program

Integreringslova § 12

- Kommunen skal gjere vedtak om og sørge for oppstart av introduksjonsprogram så snart som mogleg og seinast innan tre månader etter busetjing eller krav om program er sett fram
 - Same krav til vedtaking av norskplan i integreringslova §§ 30 og 34



Deltakaren sin medverknad

Planen skal utarbeidast saman med deltakaren, jf. § 15 andre ledd

- Utformast på bakgrunn av kompetansekartlegging, karriererettleggning og kva element deltakaren kan nyttiggjere seg
- Byggje vidare på element deltakaren har gjennomført før busetjing
- Gjeld også fastsetjing av sluttmålet

Kommunen avgjer innhaldet i integreringsplanen dersom det er usemje, jf. fjerde ledd



Minstekrav til innhaldet i planen

Går fram i integreringslova § 15 tredje ledd

- Slutt mål, norskmål og langsiktig mål
- Omfanget av opplæringa i norsk og samfunnskunnskap
- Programvarigheita
- Elementa i programmet
- Klagemoglegheiter

Krava til innhald gjeld tilsvarande for norskplanen, jf. § 34



Krav til grunngjeving av vedtak

Vedtak integreringsplan er **enkeltvedtak** (§ 46)

- Skal følge saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kap. IV-VI

Forvaltningslova § 25 set krav til grunngjevinga av vedtaket:

- Vise til relevante føresegner i integreringslova (§ 15)
- Beskrive **faktiske forhold** som har vore avgjerande (t.d. alder, utdanningsnivå, kartlegging, samtalar)

Vedtaket bør synleggjere **hovudomsyna** som har vore avgjerande ved skjønnsutøving